



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for mai 2024.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang  
59



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
President: IL, 6060 Hareid.  
Ove Midtflø  
Visepresident: Astrid Velle  
Styremedlem: Svein Dag Slettebakk  
Sekretær: Bernhard Harkjerr  
Kasserar: Hanne Rognan  
Past pres: Idar Flø  
Ansv.red.: Øystein Alme  
Referent: Johan Ole Brandal

## DIKT TIL DEN RAUDE DAGEN

falma faner blir henta

fram

gule bokstavar på raud duk

trassige parolar måla

på holete laken

slitne arbeidsnevar stikk

ut frå bestedressermer

like brune elefantar som rømmer

eit nyoppussa zoo

tårene slekta mi aldri grein lever

i meg

dette er vår dag

Lars Ove Seljestad

## Referat frå Rotarymøte 6. mai 2024.

.Dugnad på Rotarystien.

Vi hadde hjelp av 3 ATV-ar og ei gravemaskin til lessing på ATV-ane, forutan at det var bra frammøte til manuelt arbeid.

Det vart arbeidd godt og effektivt, og tilgjengelig singel og grus blei utkøyrd og fint fordelt på stien.

Vi fekk også rydda ein del småskog og kratt langs stien, nedanfor gapahuken på Grimstad.

## Referat frå Rotarymøte 13. mai 2024.



Denne mandagen hadde vi besøk av konsernsjef Gunvor Ulstein, frå Ulstein Group. Ho fortalte i korte trekk om historia til selskapet som vart stifta i 1917, av Martin Ulstein, bestefaren til Gunvor.

Då Martin døde i 1948, tok kona Inga over leiinga av verftet, heilt til 1962, då sonen Idar tok over, og utvikla verftet til eit internasjonalt konsern.

Idar Ulstein var far til Gunvor.

I 1999 gjekk stafettpinnen vidare til Tore og Gunvor Ulstein, hhv. styreformann og konsernsjef. Ulstein verft har så langt bygd 323 båtar/skip og dei har eige teiknekontor, som har teikna 164 skip.

Gunvor fortalte levande om opp og nedturar for konsernet, som kollapsen i nybyggings marknaden i 2014, Covid i 2020 og dagens utfordringar.

For tida har Ulstein ca 400 tilsette, og tek sikte på å auke til ca 500.

Fokusområda i dag er samfunnsansvar og tenelige rammevilkår, i ei tid der digitalisering og optimalisering av skip og flåte-operasjonar blir lagt stor vekt på.

Vi takkar for eit svært flott og engasjerande foredrag

## **Referat frå Rotarymøte 20. mai 2024.**

Andre pinsedag og såleis fridag.

## **Referat frå Rotarymøte 27. mai 2024.**

Presidenten var denne dagen borte på reise, og møtet blei derfor leia av past president, Idar Flø. Idar er leiar i programkomiteen og gjekk gjennom noko av det som er planlagt for hausten.

Han ba også om forslag til nye program.

Det kom fram forslag om at også humanistiske felt hadde interesse, i tillegg til næring og yrke. Til dømes skule-verket, helse og omsorg, oppvekst, kommunal og statlig forvaltning, kunst og kultur osv.